



TID FOR TI!

GUNNARS REKORDBOK



Av Anders Totland

FØR LESING

Sjå nærmare på bokomslaget og tittelen *Gunnars rekordbok*.

- Kva assosierer de med «rekordar» og «rekordbøker»?
- Studer bokomslaget og personane på framsida. Kva trur de boka handlar om?



TID FOR TI!

FØR LESING

«Gunnar har ei bok full av rekordar. Der skriv han om Sivert, som er verdas beste kamerat, om far til Sivert, som må vere verdas blidaste mann, om pappa, som berre ligg på sofaen og er den tristaste Gunnar veit om. Og om Vilde, som har verdas finaste smil. Men han skriv ikkje om korleis eit hjarte berre kan slutte å slå, og han skriv ikkje om mamma. Han viser ikkje boka til nokon. Ingen får lesa Gunnars rekordbok.»
(Totland, 2024)

Diskuter

Ut frå det som står på baksida av boka: Kven er Gunnar, og kva trur de han har opplevd?

og reflekter

Gunnar skriv ikkje om mor si i boka, og han viser heller ikkje boka til nokon. Kvifor trur de det er slik?

MEDAN VI LES

● Trinn 1

Læraren les utdraget høgt. Lytt aktivt til utdraget.

● Trinn 2

Sit to og to. Forsøk å gjenfortelje handlinga for kvarandre.

● Trinn 3

Les utdraget høgt til kvarandre i grupper på 3–4 elevar.

● Trinn 4

Bruk spørsmåla til å lage ei oversikt over teksten:

- Kven møter de i utdraget?
- Kva skjer?
- Korleis skjer det?
- Når skjer det?
- Kvifor skjer det?

ETTER LESING



- 1** Gunnar har mista mor si. Kor i teksten kjem det fram? Finn konkrete døme.
- 2** I utdraget finn de døme på tilbakeblikk. Kva er tilbakeblikk, og kva får de vite gjennom desse tilbakeblikka?
- 3** Far til Gunnar er lite til stades. Heller ikkje då Gunnar fell ned frå treet og må til legevakta, tek faren telefonen. Korleis trur de det påverkar Gunnar?
- 4** Har de nokon gong opplevd å miste nokon de er glad i? Kvifor er det vanskeleg å setje ord på det som er tungt, og kvifor er det viktig å snakke med nokon om det?
- 5** Korleis kan ein vere ein god venn for nokon som har det vanskeleg?



SKRIVEOPPDRAG 1

Di eiga rekordbok

Gunnar har skrive ei eiga rekordbok der han samlar alt som er bra. Her skriv han om «Den beste vennen i verda» og om verdas tøffeste jente, som attpåtil har verdas finaste smil.

- Tenk deg at du skal skrive di eiga rekordbok. Kva rekordar skulle ha vore med? Lag ei oversikt. Du vel sjølv om du vil dele innhaldet med nokon.
- Utform ditt eige bokomslag til rekordboka di. Presenter for resten av klassa.



SKRIVEOPPDRAG 2

Å endre synsvinkel



Vel anten oppdrag 1 eller 2.

- 1. Førestill deg at du er Vilde, Sivert eller Birger, og at du ser Gunnar klatre høgare og høgare opp i treet for å hente frisbeen (sjå side 73). Skriv eit kort avsnitt der synsvinkelen ligg hos ein av desse personane.**
- 2. Når Gunnar fell ned frå treet, insisterer foreldra til Birger på at han må til legen. Mor til Vilde er lege og arbeider på legevakta. Førestill deg at du er mor til Vilde. Skriv eit kort avsnitt der synsvinkelen ligg hos ho.**

SKRIVEOPPDRAK 3

«Den tristaste eg veit om»

Gunnar omtalar far sin som «den tristaste eg veit om». Skriv eit brev frå Gunnar til pappa. Kva trur du han ville ha sagt dersom han hadde våga?

